

## Barnevernstenesta – HAFS barnevernsteneste

<b>Kven er vi?</b>	<p>HAFS barnevernteneste har 10 stillingar, og dekker kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.</p> <p>Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Lova skal bidra til at barn og unge møtast med tryggleik, kjærleik og forståing. Lova skal vidare bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstkår.</p>
<b>Kva tilbyr vi?</b>	<p>Dei aller fleste tiltak som barneverntenesta set i verk er hjelpetiltak i heimen som har som mål å betre barnet sin kvardag. Dette kan t.d. vere tiltak som;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldrerettleiing</li><li>• Barnesamtalar</li><li>• Observasjon av barn og foreldre</li><li>• PMTO</li><li>• COS-P</li><li>• Besøksheim</li><li>• Støttekontakt</li><li>• Deltaking i ansvarsgruppemøter</li><li>• Ettervern</li><li>• I nokre tilfelle kan vi vurdere å kjøpe tiltak frå Bufetat, t.d. RFT (relasjonsfokuserert familierapi) og MST (multisystemisk terapi) og familieråd.</li><li>• Frivillig plassering - Hjelpetiltak der barnet/ungdommen flyttast ut av heimen</li></ul> <p>Dersom mindre inngripande tiltak ikkje kan skape tilfredsstillande forhold for barnet kan barneverntenesta fremje sak for Barneverns- og helsenemnda (tidlegare Fylkesnemnda), både når det gjeld akutt plasseringar, omsorgsovertakingar, samvær og adopsjon. Vi har då ansvar for oppfylgings- og tilsynsbesøk.</p> <p>I tillegg til ovannemnde tiltak kan barneverntenesta;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ta imot henvendingar frå både privatpersonar og offentleg tilsette for å drøfte saker – både anonymt og ikkje-anonymt</li><li>• Delta på foreldremøter, t.d. i barnehage/ skule, for å informere om barneverntenesta og ulike tiltak</li><li>• Deltaking i tverrfaglege møter</li></ul>
<b>Målgruppe</b>	Barn og unge under 18 år. Vi kan òg tilby ettervern for ungdom inntil dei har fylt 25 år.
<b>Korleis kontakte oss?</b>	<p><b>Telefon:</b> HAFS barnevernteneste sitt hovudnummer er <b>57738030</b>.</p> <p>I tillegg har alle kontaktpersonar eige nummer som ligg på Fjaler kommune si heimeside.</p> <p>Dersom krisesituasjonar oppstår utanom vanleg arbeidstid kan ein ringe <b>barnevernvakta</b> på tlf. <b>47457272</b>.</p> <p><b>Besøksadresse:</b> Fjalerhuset, Dalstunet 20, 6963 Dale <b>Postadresse:</b> HAFS barnevernteneste, Dalstunet 20, 6963 Dale i Sunnfjord Post sendast digitalt til organisasjonsnummer <b>996267628</b></p>
<b>Aktuelle dokument</b>	<p><a href="https://bekymringsmelding.fiks.ks.no/">https://bekymringsmelding.fiks.ks.no/</a> <a href="https://bekymringsmelding.fiks.ks.no/offentlig">https://bekymringsmelding.fiks.ks.no/offentlig</a></p>